

## Ny grus på gammel kyrkjeveg.

25.04.2015



Nygrusa, gammel kyrkjeveg. Båtlagsformann Hans Gustav Musslund(f.v.), Kåre K. Rød, Per Clementsen og Jan Henrik Hansen.

**I dag heldt båtlaget fram med dugnadsarbeidet frå i går. Også i dag var det godt frammøte i det sure veret med rundt 15 deltakarar. Dei heldt fram med oppgåvene frå i går som spyling av plassen, rydjing og kutting av vegetasjon og elles vanleg vedlikehald og vårrydding. Det nye teltet vart ferdig oppsett og stien nedanfor kyrkjegarden vart grusa.**

Stien nedanfor kyrkjegarden er frå gammalt kyrkjevegen for folket bortover mot Neset. Det var også kyrkjevegen til folket på Skorpo som kom i land med båtane sine på Neset. I morgon er det konfirmasjonssøndag, og om nokon vel å gå denne ruta til kyrkjes vert dei altså møtt med nygrusa veg.

I tillegg vart det fylt ny sand i sandkassen.

Jan Henrik Hansen i båtlagsstyret seier at dette, mellom anna saman med det nye teltet, er gjort for at fleire bygdefolk også skal bruka denne plassen. I tillegg er det kjekt at båtgestene vert møtt av eit ryddig og godt tilrettelagt hamneområde. Han er svært godt nøgd med arbeidet dei har fått gjort dei to siste dagane.

På skikkelege dugnader er matpause og drøys også viktig. Hansen og båtlaget er svært takksame for at SPAR har sponsa med kaffi og kaffimat både fredag og laurdag.



Ny sand i sandkassen

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døs slan ed